Setesdal interkommunalt politisk råd

**Setesdalssamarbeid**
Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2021/2-28 | Rita Hansen | 13.06.22 |

**REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 13. JUNI 2022**

| | |
|---|---|
| Møtestad: | Kommunestyresalen, Evje og Hornnes kommune |
| Møtetidspunkt: | 13. juni 2022, kl 0900 – 1245 |
| Desse møtte: | Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune<br>Steinar Kyrvestad, Valle kommune<br>Jon Rolf Næss, Bykle kommune<br>Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune<br>Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune<br>Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)<br><br>Til sak 3 møtte Hans Fr. Grøvan, |

| Sak | Merknad | Ansvar /frist |
|---|---|---|
| **1 - Godkjenning av referat frå førre møte**<br><br>Referat godkjent.<br>Ein held fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida, og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. | | |
| **2 – Leiars hjørne**<br><br>Fusjonsprosess Agder Energi/Glitre – samtale omkring fusjonsprosessen generelt og tidsplan politisk handsaming<br><br>Bruk av konsesjonskraftmidlar – ref fylkesdirektør samferdsel og eiendom Ola Olsbu si orientering i styremøte i april. Dagleg leiar opplys at det kjem sak i junimøtet.<br><br>Oppfølging av tema frå Hurdalsplattforma som tidlegare er spilt inn til Tellef Inge Mørland og Gro-Anita Mykjåland. Resterande tema takast opp att til hausten.<br>Sigbjørn inviterer Tellef Inge Mørland og Kari Henriksen til ordførarmøte til hausten. Aktuelle datoar er: 12. september, 3. oktober, 7. november. Dersom datoane ikkje passar for dei, finn vi ein ny dato som passar flest mogelig. | | Sigbjørn |
| **3 – Orientering v/Hans Fr. Grøvan (via teams)** | | |

Postboks 4 4747 Valle
Kommunehuset 4747 Valle
T 37 93 75 00
E post@setesdal.no
Bank: 2890 67 12905
Org. nr. 981 543 556
www.setesdal.no

| | | |
|---|---|---|
| Hans Fr. Grøvan orienterte om status kring arbeidet med å få del av Rv 9 som nasjonal turistveg. Dialog om saka. | | |
| **3 - Anna politisk påverknadsarbeid**<br>Listeføringa immateriell kulturarv – påverknadsarbeid:<br>- Sak 4, møte i ordførarutvalet 16. mai vart utvalet einige om å lyfte fram Unesco-listeføringa i kommande møte på Stortinget/med stortingspolitikarane.<br>- Møte avtalt med ordførarutvalet, fylkesordførar, opposisjonsleiar og fylkesvaraordførar samt prosjektets administrative leiing 24. juni kl 1500 på Vigeland. Agenda er å drøfta ein samla strategi for påverknadsarbeid opp mot staten og andre aktuelle partar. | | Alle |
| **4 - Eventuelt**<br><br>Generalforsamling – Visit Sørlandet. Steinar orienterte om tidlegare dialog med valkomiteen.<br><br>Neste ordinære møte: 15. august i Arendal, møterom Vegar, gamle fylkeshuset. Politisk leiing i Agder fylkeskommune invitert til møtet kl 1200 – 1300. Bedriftsbesøk utgår grunna flytting av møtestad. Møte med hotellnettverket er utsatt til hausten. | | |
| **5 – Oppfølging av andre tema**<br><br>- Oppfølging av møte med kommunedirektørane (sak 2, møte i ordførarutvalet 16. mai). Følges opp vidare i seinare møte. Dato ikkje fastsatt. | | |
| Møtet vart avrunda med bedriftsbesøk til Nor Dan:<br><br>https://www.setesdal.no/bedriftsbesoek-til-nor-dan.6535492-480629.html | | |

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar